

# Årsmelding 2012

## **Arrangement**

Historielaget har hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Arnfinn Kielland fortalte om bygdabokarbeid. Tore Pryser hadde foredrag om 1814 og Gudbrandsdalen. På årsmøtet vart Anders Sandvig markert med film samt fokus på medhjelparane hans frå Vågå. Det vart arrangert fotokveld der innsamla gamle foto vart vist på storskjerm. Historielaget arrangerte ljosbildekåseri med Vegard Veierød der han lanserte ny bok om historia til Heimfjellet.

Historielaget hadde omvisning av massefangsanlegg for rein på Slådalen ved Per Jordhøy og Tor Einbu. Ei gruppe var på gardsmuseum på Segalstad på Sør-Fron. Saman med historielaga i Skjåk og Lom var det tur til dei arkeologiske utgravingane på Sør-Fron. Kulturminnedenag vart markert med historisk vandring frå Bøneslia ned til Lalm.

## **Jutulheimen**

Gudbrandsdalsmusea as står for drifta av Jutulheimen. Dette er andre året sidan starten 1.1.2003 at Museet i Nord-Gudbrandsdal / Gudbrandsdalsmusea as har hatt avdelingsleiar for Jutulheimen, og aktivitetane har vore omfattande. Det er gjennom aktivt arbeid frå avdelingsleiaren med å få noko til å skje at det har vorte god oppslutning om museet denne sesongen. Det har vore konsertar, julmesse, mange kåseri og arrangement, historielaget har delteke i ein del av dette. Gudbrandsdalsmusea har samarbeidd med husflidslaget om aktivitetar i sommarsesongen og ved andre arrangement. For skulen har det vore kulturveke, lafting, smiing, dansing og tema om slaget i Kringom. Ny utstilling med felemakarverkstaden til Ola Eide er på plass. Alarmen er opprusta, Stiftelsen UNI har gjeve støtte til dette. Det har vore rydding og vasking i alle hus. Historielaget er aktivit med i planlegging og drøfting om vedlikehald, utstillingar, magasin og gjenstandsregistrering.

## **Prestgarden**

Paktarbustaden er bortleigd som bustad medan låven, aurbla og del av fjoiset er bortleigd som lager. Kunstnaren som bur i paktarbustaden leiger Studeren til sine aktivitetar. Delar av hovudbygningen er utleigd til Dagsenteret og husflidslaget. Det er utført ein del el.installasjon i hovudbygningen i samsvar med merknader etter brannførebyggjande el.sjekk. Ei pipe i hovudbygningen er stelt slik at ho er lovleg å bruke.

Eldhuset har gjennomgått stort restaureringsarbeid med skifting av botnstokkar, ny mur og restaurering av taket. Taket på vognskulet er også utbetra. Tiltaka på eldhuset og vognskulet er gjordt mogleg ved privat gavne frå ein sveitsisk Norgesvenn. Torva på eldhuset er teke av på dugnad.

Det er etablert ei hagegruppe i historielaget som tek ansvar for restaurering av Prestgardshagen, og i året er det gjordt mykje for å få den attende til slik den var i gammal tid

*med hellegangar og planter. Verandaen og inngangsdørene på hovudbygningen er restaurerte. Dei store trea ved hovudbygningen er felt. Alt manuelt arbeid er gjort på dugnad. Det er innkjøpt plenklippar-traktor, og plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet er utført på dugnad.*

**Laget ellers**

*Fra årsmøtet 29. mars 2012 har styre vore dette:*

*Knut Raastad styreleiar, Dag Aasheim nestleiar*

*Reidun Sønstelien, Håkon Ulsand og Arne Strand styremedlemmar*

*Bjula Ulsletten, Even Luseter og Jonny Brenden varamedlemmar*

*Det har i året vore seks styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 415 medlemmar.*

*God oppslutning om frivillig medlemskontingent gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet utlagt for salg. Historielaget har kosta restaurering av skrifta på gravsteinen til Ivar Kleiven. Innsamla gamle bilete blir skanna og lagra elektronisk og etter kvart utlagt på heimesida vaagaa-historielag.org.*

*Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten og har markert at stugu er ferdirestaurert. Etter at Klones er seld har historielaget overteke Klonesbuene ved Gjende i samsvar med testamentet etter Marit Campbell. Historielaget er i gang med rekonstruering av eit gammalt torvstrøhus ved Sandranden for å vise historia om torvstrø.*

*Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2012.*